# 702 Dei unge i Noreg må vinnast

T: M. Orheim 1915

M: J.M. Rydland 1945
S: P. Steenberg






2. Det største av alt som er fagert her nord,
Er det som Guds rike har vunne.
Der Guds ord er sædet som spirer og gror,
Har livet og framtida runne.
Den fagraste krans Som alltid har glans,
Er Jesus sin ungdom i Noreg.

3. Den kransen vi lyfter til mor og til far
Som levde sitt liv til Guds æra.
Vi vart deira bøner eit levande svar,
Og heidra foreldra skal vera.
Vår landslukka gror Kring far og kring mor,
Med Jesus sin ungdom i Noreg.

4. Så byggjer vi heimar og livsyrke på
Den fjellfaste, bergsikre grunnen.
I uvêr som godvêr skal bygnaden stå
På grunnvoll som sviklaus er funnen.
Så byggjest vårt land Med livslukka sann
Av Jesus sin ungdom i Noreg.

side 815 ← 703